

# LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 6

August 1974

10. årgang

## *Jesu tale til menigheten*

Av Øyvind Andersen

«Skriv til engelen for menigheten i Efesus : Dette sier han som holder de syv stjerner i sin høyre hånd, han som går midt imellem de syv gull-lysestaker : Jeg vet om dine gjerninger og ditt arbeid og ditt tolmød, og at du ikke kan tåle de onde. Du har prøvt dem som sier de er apostler, og ikke er det, og du har funnet at de er løgnere. Og du har tolmød og har hatt meget å bære for mitt navns skyld, og du er ikke blitt trett. Men jeg har imot deg at du har forlatt din første kjærlighet. Kom derfor i hu hva du er falt ifra, og omvend deg og gjør de første gjerninger ! ellers kommer jeg over deg og vil flytte din lysestake fra sitt sted, hvis du ikke omvender deg. Men dette har du at du hater nikolaittenes gjerninger, som jeg og hater. Den som har øre, han høre hva Ånden sier til menighetene: Den som seirer, han vil jeg gi å ete av livsens tre, som er i Guds paradisi.»

Johs. Åpenbaring 2, 1—7.

Dette sier han, såtr det. Det er Jesus det er tale om. Han går midt imellem de syv gull-lysestaker, det er altså et bilde på disse syv menigheter som sendebrevene i Johs. Åpenbaring er skrevet til.

Det er sagt mange forskjellige ting om disse sendebrev, men det er en ting som er sikkert : syv ganger står det; den som har øre, han høre hva Ånden sier til menighetene. Det

er altså Jesu tale til sine menigheter til alle tider, også til oss i dag.

Det er et alvorlig sendebrev, dette til Efesus. Det er skrevet til en menighet som har en stor åndelig virksomhet, og var høyt ansett på den tid. Jeg vet om dine gjerninger og ditt olmod, at du ikke kan tåle de onde du har prøvd dem som sier de er apostler og ikke er det og du har funnet at de er løgnere, og du har tolmød og har hatt meget å bære for mitt navns skyld, og du er ikke blitt trett. Dette er ikke småting, her er en mann som tåler påkjeningen for Jesu navns skyld To ganger står det at han har tolmød, og det er ikke det mest utpregede hos oss til vanlig. Han har hatt meget å bære for Jesu navns skyld, han er ikke blitt trett, foruten alt det andre som står der. Skulle ikke det være en som har det riktig, skulle ikke det være en som kan få anerkjennelse og ros? Det er ikke tvil om at vi i dag roser og anerkjenner slike kristne og slike menigheter.

Men denne menigheten er falt fra Jesus. Det kommer som et alvorlig budskap : Jeg har imot deg at du har forlatt din første kjærlighet. Det står ikke som det ofte blir sagt, at han har mistet sin første kjærlighet, men det står at han har *forlatt den*, han har *vendt seg fra den*, og der står et underlig ord — som desverre er feil oversatt hos oss — kom derfor i hu *hva du er falt ifra*. Og i den nye

oversettelsen står det endå hva du er *falt ned ifra*. Denne oversettelsen stemmer desverre ikke med grunnteksten, hvor det står nøyaktig slik: Kom derfor i hu *hvorfra* du er falt, og slik burde det ha vært oversatt. Hvorfra, det kan bety en person like meget som noe ant. Og det er en person det er tale om her, og derfor kunne det like godt etter meningen stått *hvem* du er falt fra.

Midt i sin rike kristelige virksomhet er denne menigheten falt fra Jesus. Den første kjærlighet en kristen har, det er Jesus selv. Hjertet blir rettet på Jesus fordi han har frelst meg fra mine synder med sitt eget blod. Det som inntar en kristens hjerte fra begynnelsen av, det er Jesu person, det er alt det Jesus har gjort og det Jesus er. Jesus er en kristens hele rikdom, han er hans håp, hans frimodighet og trøst, hans styrke, hans liv. Det er ikke noe Jesus ikke er for en kristen.

Men så går det slik til, at fra å ha hjertet rettet på Jesus går man over til å rette hjertet mot hva man skal være, det man skal gjøre som kristen. Man får mange oppgaver i Guds rike, man står med et stort ansvar i en kristen virksomhet, og denne virksomhet og dette ansvar inntar hjertet på en slik måte at hjertet forlater Jesus, og blir rettet på det en skal gjøre og utrette og være ved Guds kraft og hjelp. Man taler vel om Jesus, og en sier vel at en søker hans ære, men hjertet er ikke lenger rettet på Ham. Hjertet er ikke lenger rettet på ham, og en er falt fra Ham, som en til å begynne med trodde på og som til å begynne med eide hele vårt hjerte.

Du som hører på meg i dag, passer det for deg, hvordan er det med ditt hjerte, hva er det du er mest opptatt av, er det din innsats er det bøkene du skal skrive eller dine telefoner, ditt sekretær-arbeide, dine mange gjøremål, er det dine prekenere du er mer opptatt

av enn Jesus? Jeg bare spør, for det er slik det går til. En blir opptatt av det Jesus har kalt en til, det som en virkelig er satt til å gjøre, en blir opptatt av det mer enn av ham selv. Hjertet blir rettet på alt det han skal gi, på det en skal virke, alle de utfordringer som man snakker om gjelder oss nutids-kristne, og så sanser en seg ikke, hjertet er veket fra Jesus. Det har faktisk forlatt ham, og en er falt fra ham som er den egentlige frelser.

Det som er så stort er at Jesus har ikke forkastet en slik, selv om han må si at nå må du omvende deg, du må omvende deg og gjøre de første gjerninger. For de første gjerninger kom fra et hjerte som var rettet på Jesus de, ikke på kristen virksomhet. Det er to forskjellige slags gjerninger. Gjerninger som er gjort fordi en er rettet på virksomheten, er ikke de samme som dem som er gjort fordi en er rette på Jesus, derfor er det det lyder: Kom tilbake og gjør de første gjerninger! Men han har likevel ikke forlatt denne menigheten, for han ferdes blant de syv gull-lysestakene, det står at han holder de syv stjerner i sin høyre hånd, og han taler til denne menigheten og sier: Vend deg til meg. Jesus ønsker påny å bli den første kjærlighet for denne menighet. Og det har jeg trang å vidne at når en begynner å innse at en er falt fra Jesus, da er det ingen som får et slikt bud fra Jesus som en slik sjel. DaD begynner en å rope på ham og kalle på ham, da kommer en i nød, og da gjelder det at Herren er nær hos dem som har et sønderknust hjerte. Et sønderbrutt hjerte vil Herren ikke forakte. Derfor la oss ta dette ord til oss, og be om å få et hjerte som er rettet på Jesus, og om å få gjøre de første gjerninger. Amen.

Avskrive etter lydband fra Norea Radio, etter løyve frå Andersen og Norea.

### Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt gratis til alle som sen der eksp. namn og adr. Blir halde oppe med friviljuge gåver

Red. Amund Lid, tlf. 75, Norheimsund og post 5600 Norheimsund

Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord  
Postgiro : 42887, Stord

Utgjevarposstad : 5400 Stord  
*Norsk Luthersk Lekmannsmisjon :*

Formann : Olav A. Dahl,  
boks 95, 5401 Stord. Tlf. (054)10 482

Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund  
postgiro nr. 66213

Bankgiro : Vikøy Sparebank  
Norheimsund 3530.07.09492

## Josefs ermekjole. III.

Av Odd Dyrøy

Men Herren var med Josef og vende alle hjarto til han og laga det så at styresmannen i fengslet fekk godvilje for han. (1. Moseb. 39, 21).

Her er det sant, som skrive står, at så høg som himmelen er høgare enn jorda, så er mine vegar høgare enn dykkar vegar, og mine tankar høgare enn dykkar tankar. For Josef såg ikkje den vegen Gud førte han på ut for å vera høg. Nei, for han såg det ut som om alt håp var ute. Skal tru om han ikkje kunne ropa som David : «Min Gud ! Min Gud ! kvifor har du forlate meg? Dei ord eg skrik ut er langt borte frå mi frelsa. Alle som ser meg, spottar meg, rengjer munnen og rister på hovudet.» Det såg ut som om Gud ikkje kunne hjelpa han, nøden var stor, og mørke og tvil var daglege gjester i Josefs hjarta.

Nå var han igjen uten ermekjole og sett i fengsel, og det skulle ta fleire år før han

igjen skulle få ermekjole på. Men han helt fast på at Herren var med han, og han sette si lit til Gud. Det skapa glede i Guds hjarta og i himmelen. Her var det ein som ikkje vende seg frå Herren, sjølv om han ingen utveg såg.

I fengslet fekk Josef nye syner frå Herren, endå til over kven av fangane som skulle leva og døy. Josef våga å tala sant også her, truleg med fåre for sitt eige liv. For både bakar og skjenkemeister hadde livet kjær, så bakaren kunne nok koma til å sjå vondt til Josef. Det var Josef som hadde tilsyn med fangane. Er eg og du sann og tru når det gjeld å seia det Herren har openberra for oss. utan å tenkja på eigen bate og eige liv?

Josef sin truskap lærer oss noko. At Herrens auga ser og hans øyra høyrer, og han rekkjer ut si hand til hjelp i rette tid. Det fins tingen som Gud !

Josef hadde ei bøn til skjenkemeisteren, som var forma slik : «Kjære vene, gjer vel og tala om meg til Farao, så eg kan koma ut or dette huset.»

Fangekåra var nok tunge og vanskelege å haida ut, så han lengta etter å bli fri, og såg etter redning millom menneske. Men det står skrive at skjenkemeisteren kom ikkje ihug Josef, men gløymde han. Og gjennom dei to åra som gjekk, minka nok håpet om redning etter kvart som dagane gjekk. Josef måtte læra den tunge lekse: «Forbanna er den mann som lit på menneske og gjer kjøt til sin arm, og med sitt hjarta vik frå Herren». Han fekk sjå kor svikfulle menneske er, og kor lite dei er til å setja lit til. Hans eigne brør selde han, Potifar si kona blei årsak til fengslet, skjenkemeisteren som han tenkte skulle hjelpa gløymde han. Korleis kunne du klara alt dette Josef, utan å bli bitter og venda deg frå både Gud og menneske?

Her er det berre eit svar. *Josef trudde på Gud og sette si von til Han.* Og Skrifta seier at ingen som set si lit til Gud skal koma på skam.

At Faraos sin draum skulle føra til fridom for Josef, det visste han nok ikkje om og tenkte ikkje på. Også her var det synet Gud gav som var det avgjerande for Josef, og ikkje tanken på eigen fridom. Endå det kunne ligga nær å tenkja at her må eg vera forsiktig, så kanskje eg blir sett fri. Men Josef sette si eiga lukke og framtid tilside for Guds openberring og sanning. Høyr berre kva Josef seier: «Og Josef svara Faraos og sa: Eg råder ikkje for det. Gud vil visst gjeva eit svar som spår lukka for Faraos.» (1. Moseb. 41, 16).

Er eg og du villige til å setja alt vårt eige til side, og *seia det Gud vil*, utan tanke på eiga lukka og framtid? Her seier Guds ord at me skal først søkja Guds rike og Hans rettferd, så skal me få alt det andre attpå. Sjå berre kva det førde til i Josef sitt liv, kva det førde til for heile Egypten og folka ikring, og kva det fekk å seia for brørne hans og Jakob far hans. Slik er Gud mot sine også i dag.

Etter tretten år kunne det skrivast om Josef: «Faraos tok seigringen av handa si og

sette på handa hans Josef og kledde han i kvite linklede og hengde ei gullenkja om halsen hans.»

Guds vegar og måte å føra sine på, dei er dei same idag som på Josefs tid, sjølv om me ikkje alltid ser dei like klårt. Lukkeleg er du som let alt anna fara mot dette eine å vera i Guds vilje med ditt liv og din lagnad.

Ennå ein gong fekk Josef ein ny og rein kjole. Den fekk han lov å vera kledd i resten av livet sitt. I den var han kledd då han tok imot brørne sine, då han gav seg tilkjennene og tilgav dei syndene deira og tok dei om halsen og kyste dei.

Kan du sjå din broder Jesus i dette? Josef gav alle brørne ein høgtidsbunad, og det gir også Jesus meg og deg — om han får lov og du vil ta imot. Josef sine brør måtte forlata sitt land og koma til Josef. Å, for eit byte, eit byte som ingen angrar. Det er eit byte frå synd, dom, syndeansvar, ufred og fortviling, til frelse, tilgiving, fred og eit evigt liv heime hjå Jesus.

«Det kan ei forklaras, det kan blott erfares, hvor salig det er hos Jesus.»

## Lova sitt krav oppfylt i oss

Av Josef J. Nilsen

Når me les Rom. 8, og serleg dei første tre versa, har me ofte lett for å oversjå eller gløyma den herlege sanninga vers fire forkynner oss: Så kravet å lova skulle bli oppfylt i oss.

Det blir av og til sagt at Kristus kjøpte oss fri frå lova si forbanning (Galat. 3, 13), men at me er ikkje kjøpt fri frå lova sine krav. Her har eg hug til å skrive til deg, min truande ven, kva ordet forkynner om dette og kva Anden har openberra for mitt hjarta. Spør du deg sjølv om Jesus trong oppfylla lova for sin eige del, så må du svara nei, for Jesus

var jo uten synd. Der står verkeleg: Så kravet å lova skulle bli oppfylt i oss, me som ikkje ferdast etter kjøtet, men etter Ånden. Og då er jo både du og eg med, så sant me er frelst og ferdast etter Ånden. Om der var berre eit einaste lovkrav som me måtte oppfylla, då var i alle fall ikkje eg frelst, og ikkje du heller.

Lova sitt krav er vårt endelausa skuldbrev, ubetaleleg for oss. Om det ikkje er slik at Kristus gjorde meg fri frå dette kravet, då ville ikkje Kol. 2, 14 tala rett, som forkynner: Og strauk ut skuldbrevet mot oss, som var

skrive med bodord, det som vitna imot oss, og han ruddet det unna med di han nagla det til krossen. «Han utslettet det anklagende skyldbrev med dets lovbestemmelser», blir det sagt i ei dansk omsetjing. Dette gjorde han for deg.

Eg er så glad i ordet frå Kol. 3, 3: For de har døydt, og dykkar liv er løynt med Kristus i Gud. Ja, me har verkeleg døydt, for det står skrive at når ein døydde for alle så er alle død. Då har også lova sine krav og lova si forbanning fått sin ende i og ved Kristus, for dei som trur på Kristus. Slik vitnar Guds ord.

Dei derimot som ikkje vil tru på Kristus, vil bli dømde etter sine gjerningar, det vil seia etter lova, og då er fortapinga viss. Dei får ikkje sjå livet, og Guds vreide blir verande over dei (Johs. 3, 36).

Vidare seier ordet i Koll. 3 at vårt liv er løynt med Kristus, så seier jo det at vårt liv er og blir borte ved Kristis død, og me har fått eit nytt liv i Han. Når ditt liv, med alle sine syndige gjerningar, er borte frå Gud, så reknar han ikkje lenger med dei. Han reknar åleine med Kristus, som åleine er vårt liv for Gud (Rom. 5, 10).

Likevel strevar syndaren framleis med å oppfylla lova sine krav, med eigne gjerningar og eigen kristendom, som om dette livet i Kristus var forlite og som om den ufortente nåden ikkje var nok og Kristi rettferd for ugudlege ikkje strekk til. Kanskje kan også lova sine krav, av vårt øydelagde og forderva sjelsliv, bli oppfatta som om der blir kravt ein viss fylde av syndserkjenning og fortaptheit før me kan tru nåden. Er du av dei som synest du manglar syndserkjenning, då vil eg be deg å sjå hen til Jesus og hans liding på krossen. Og du skal vita at det var ikkje berre bødlane som spikra naglane i Jesu føter og hender, du er også mellom dei medskyldige. Dine og mine synder og lovbrøt

var med å nagla Guds Son til krossen, og førde han inn i det mørke der han var forlaten av Gud. I denne grufulle gjerning er heile menneskeslekta skyldig, også du.

Men dit opp tok han med seg ditt gjeldsbrev, og heile din syndige arv, så den er ikkje lenger årsak til fordøming — om du lever i Kristus. Tornen må du nok ha, for kjødet og kjødets lyster er ikkje tekne bort frå deg, men han har teke bort lova sine krav og fordøming.

Tuktemeisteren kan kome med sine krav, men eg seier: Kom med krav ved Jesu grav. Trur me dette, då er me salige Salig er den som Herren ikkje tilreknar skuld, seier Skrifta. Om han framleis gjorde det, då måtte han jo ha krav, og då var Jesu død forgjeves og me levde ennå i våre synder.

Eit bod som før galt vart avlyst, avdi det var maktlaust og gagnlaust (Hebr. 7, 18—19) *Og eit betre håp vart innført.* Har dette gått opp for hjarta di, då har du fått erfara at dette er sanning, at du fekk fred ved å tru at Jesus tok straffa på seg.

Når den gamle pakta, som berre var ein skugge eller eit bilete av det som skulle koma, er avlyst, og ei ny og betre pakt er innført, kan vi forkynna som Esaias: Tala venleg til Jerusalem, ropa til henne at striden hennar er enda, at skulda hennar er betalt.

Men av erfaring kjenner eg meg sjølv så pass, at eg må få stor nåde frå Gud for å kunna bera fram eit evangelium uten krav og betingelser og med Jesu milde sinnelag.

Den gamle pakt kan ikkje gi liv, og om Moses med sin hammar bankar på oss, så blir hjerte like død og kjødeleg, for lova er gitt til å læra synda å kjenna. Men den nye pakta, det betre håp, evangeliet, tek synda bort og gir nytt liv. Gud vere lov og takk for at lova sine krav til meg er oppfylt, ved Jesu eine offer, og Han gjer meg fullkomen for Gud.

## For mange er kalla, men få utvalde

(Matt. 22, 14). Av Amund Lid

Dette ordet om dei utvalde, det har vore og er eit vanskeleg ord for mange menneske — kanskje også for deg ?

Den tanken at nokon er utvalde framom andre menneske, det synest mange er urettferdig av Gud, og dei reiser seg i protest og harme. —

Andre forstår ordet slik at noken er utvalde eller bestemte til å gå fortapt og andre til å bli frelst. Slike tankar fører mange inn i frykt og fortvilelse over at dei kan vera ein av dei som Gud har bestemt til å gå fortapt.

Her, som når det gjeld alle andre spørsmål, er det berre Guds ord som kan gi oss lys og klårleik.

### Dei utvalde.

Skrifta talar mykje om dei utvalde, og her vil me ta med nokre Guds ord. «Kven vil klaga *Guds utvalde*, Gud er den som rettferdiggjør, kven er den som fordømer, Kristus er den som har døydtt, ja, meir enn det, som og har stade opp att, som og er ved Guds høgre hand, som og bed for oss.» (Rom. 8, 33).

«*Men de er ei utvald ætt*, eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk til eige-dom, så de skal forkynt hans dyder som kalla dykk ut or myrkret til hans underfulle ljøs, de som ikkje før var eit folk, men nå er Guds folk, de som ikkje hadde funne miskunn, men nå har fått miskunn.» (1. Pet. 2, 9—10).

Desse orda skulle vera nok, for den som trur Gud på hans ord, til å overbevise om at der er eit folk som Gud kallar dei utvalde — Guds heilage folk. Du kan nok fortvila, protesterer eller rasa over det, men Guds ord står likevel ved lag. Jesus seier at det kan ingen gjera om inkje.

### Kven høyrer så til dei utvalde ?

Er det slik å forstå at Gud har bestemt noken til frelse og andre til fortaping? Skrifta seier nei ! for den fortel at Gud vil ikkje at nokon skal gå fortapt. «For dette er godt og tekkeleg for Gud, vår frelsar, Han som vil at alle menneske skal verta frelste, og koma til å kjenna sanningi» (1. Tim. 2, 3-4).

«Men han er langmodig med dykk, av di *han ikkje vil at nokon* skal verta fortapt, men at alle skal koma til omvendning.» (2. Pet. 3,9)

Og i ordet som overskrifta viser til, der ser me at tenarane får bod om å gå ut på vegar og vegskil og *be alle dei finn*, og det står at dei ba alle dei fann, både vonde og gode.

Her ser du Guds tanke og vilje med alle — også med deg. Så om nokon går fortapt, har dei sjølve skulda, for Gud tenkte og forkynnte det ikkje slik.

### Korleis har så Gud utvaldt oss ?

Det ser me av Efes. 1, 4 : «Liksom han *valde oss ut i Kristus* før verda var grunnlagt, så me skulle vera heilage og ulastande for hans åsyn».

Før verda var grunnlagt bestemte Gud at han ville senda Jesus til verda for å frelsa slekta. Det har Gud gjort, det er fullført, det har han forkynnt og forkynner også i vår tid. «Det segjer eg dykk for visst og sant : Den som høyrer mitt ord og trur den som sende meg, *han hev* æveleg liv, og kjem ikkje for domen, men hev gjenge yver frå døden til livet.» (Johs. 5, 24).

Så var det Guds vilje ved dårskapen i denne forkynninga å *frelsa dei som trur*.

«Den som trur på Sonen, hev æveleg liv» (Johs. 3, 36), og dei er det Gud har utvalt til evig liv.

Men dei som ikkje *vil tru* på Sonen (Jesus)

og ordet frå Gud som sende han, dei er frå æva utvald til å gå fortapt. «Den som ikkje vil tru på Sonen, får ikkje sjå livet, men Guds vreide blir verande over han.» (Johs. 3, J 36).

Av desse orda frå Gud ser du at trua på Jesus, stoda du tek til han og Guds ord om han, det avgjer om du høyrer til dei utvalde eller du blir verande mellom dei vantru og fortapte. Sæle er dei som ikkje styggest ved meg, seier Jesus.

### For mange er kalla.

Gud kallar mange gonger og på mange måtar, og han kallar frå ungdom og til alder grå. «Gud Herren, den allmechtige, talar og kallar på jorda frå solekoma til soleglad» (Salme 50, 1). Gud sende ut sine tenarar profetane, sin eigen Son (Hebr. 1, 1 - fg.), og sine mange vitner sidan for å kalla oss inn til den frelsa han har gjort ferdig for oss. Endå i vår tid sender Gud ut sine vitne med kallet, til oss som lever i nådetida sin ellefte time. Kan du inne for Guds åsyn ein dag seia at du aldri møtte og høyrde Guds kall?

Lat ikkje Guds kall gå deg forbi! Skrifta seier at du må kalla på Herren den stund han er nær, og be til han den tid han er å finna. Gjer du ikkje det, så lyt du gjennom all æva lida og trega på at du ikkje høyrde på Moses og profetane. *Les Luk. 16, 19—31.*

### Men få utvalde

Kvifor er få utvalde, når så mange er kalla? Guds ord seier beint ut at dei ville ikkje (Matt. 22, 3). Og det same sa Jesus då han sto og såg ut over Jerusalem og gret over folket som ikkje kjende si nådetid: «Kor ofte ville eg ikkje samla dykk, som høna samla kjuklingane under vengjene, *men de ville ikkje!* Du er vel ikkje ein av dei?

Om andre står det at *dei brydde seg ikkje om det*. Dei var så opptekne med åkeren, krambua, oksen (eller bibelen), ektemaken eller heimen, eller andre av verda sine mange ting, at dei *hadde ikkje tid*. Du får ha

meg unnskyldt.

For deg er verda og dei ting som høyrer verda til kjærare og har større plass i hjarta enn Jesus og frelsa i han. Dei jordiske skattane er meir verde for deg enn skatten i himmelen. Årsaka til det er at satan har blinda ditt vantru sinn, så du vurderar og ser feil på kva som har mest verd for deg. Sjå Matt. 6, 19—24 og 2. Kor. 4, 3—4.

Nokre fylgde kallet og kom inn i bryllaupsstova — den kristne forsamlingen på jorda. Men dei er ikkje ikledde bryllaupskledningen. Dei møter i sine eigne klær, og ordet fortel at dei blir kasta ut, utanfor i myrkret der dei græt og skjer tenner. Ordet i overskrifta her talar berre om ein, men Skrifta elles fortel at dei er mange. Me kan berre nemna dei fem dårlege møyane (Matt. 25), den heimeverande sonen i Luk. 15 (som her er eit bilete på fariseranae og dei skriftlærde, sjå vers 1—2), og sendebrevet til Laodikea og Efeserne o.s.v.

Den som ikkje er fødd på nytt, fødd av Anden, han kan ikkje sjå Guds rike eller komma inn i det, seier Jesus til Nikodemus. (Johs. 3.)

### Korleis kan eg bli ein av dei utvalde ?

Ved å høyra på Guds røst og hans kall, Andens tale til menigheten. «For so vil Far min at kvar den som ser Sonen og trur på han, skal ha æveleg liv, og at eg skal vekkja han opp att på den siste dag» (Johs. 6, 40)

Ved å fylgja Guds kall til Jesus, til Guds ord og evangelium, som er det einaste som kan frelsa deg og gjenfø deg til nytt liv.

Den bortkomne sonen i Luk. 15 gjekk dei utvalde sin veg og blei ein av dei. Han blei vakt opp i si synd og sin forkomne tilstand av Gud og møtte Guds kall, sto opp og søkte Gud slik han var. Gud møtte han mens han endå var langt borte, slo armene om han og kysste han midt i hans forkomne tilstand slik som han kom rett frå svinebingen, for Gud elsker syndarar og Jesus kom for å frelsa for-

tapte syndarar. Han blei ikklædd den beste kledningen, som ligg ferdig og ventar også deg, fekk ring på fingeren, og fekk stiga inn i Jesu sine sko. Han blei oppteken som barn i Faderhuset, ufortent og av Guds store nåde. Går du same vegen, kan du vera viss på å bli med dei utvalde.

Høyrer du til Adams ætt, då må du la deg frelsa ut av den rangsnudde og fortapte ætta og inn i Guds utvalde ætt — Jesu Kristi ætt !

## Vintreet og grenene

Av Ole Rolfsnes

Når jeg idag leste Rosenius husandagtsbok for 15. april, da slo det meg at jeg skulle forsøke å skrive litt om vintreet og grenene. Men å skrive om disse ting er ikke så liketil, så en kjenner lysten til å la det være.

I Bibelen er Guds rike lignet med mange ting, som frø, planter, og i dette tilfelle et tre. Følger vi lignelsen, da ser vi fra naturen at et tre har mange grener, store og små. Hva mener så Jesus med denne lignelsen?

Jeg har da tenkt på flere ting, men for meg ble det slik at han tenker på sin menighet og dens forhold til Jesus, slik vi finner den i store og små kirkesamfunn, organisasjoner, og de små flokkene som samles på ethvert sted. Jesus er selv stammen, som det hele har vokset ut fra, for ordet sier jo: Jeg er det sanne vintre, og dere er grenene. Dette forteller oss jo at alle store og små kirkesamfunn og organisasjoner er grener på *den same stamme*. Det ville ikke være noe vakkert tre, om der bare fantes en eller noen få store grener. Derfor har Gud ordnet det slik at der ble mange både store og små grener på treet. På stammen er der plass nok til alle, og der er kraft nok til alle, for det er et meget livskraftig tre. Jesus sier jo selv at jeg er kom-

met forat dere skal hah liv, og overflod av liv. Så la deg ikke forstyrre av at der har vokset frem så mange ulike kirkesamfunn og organisasjoner.

Men en ting må vi merke oss. Jesus sier at ikke alle grenene på ham bærer frukt, og dem som ikke bærer frukt, vil han skjere av og kaste på ilden. Det vil si at noen grener ikke bærer frukt, mens andre bærer 30 eller 60 eller 100 fold, som han sier i en annen lignelse.

Da blir spørsmålet om den grenen jeg hører til, og om jeg personlig, hører til de grenene som er uten frukt eller til dem som bærer frukt. Han sier intet om at grenene skal spares fordi de er store. Det er ingen garanti fordi om en gren vokser seg stor, for også en stor gren kan være uten frukt. Mange ser seg blinde på, og er fornøyet over, at grenen vokser, når inntektene øker fra år til år og nye foreninger kommer til. Alt dette er jo bra, men jeg må gjøre oppmerksom på at alt dette kan skje uten at grenen derfor bærer frukt. Merk deg denne viktige sannhet: *Der er stor forskjell på det å vokse og å bære frukt*. Naturen viser oss jo ofte at en liten gren bærer frukt, mens en stor kan ha lite eller intet frukt.

Mange regner et stort offer eller store gaver for å være frukt, uten å se at Skriften viser at det er ikke sikkert det er frukt av Jesus. Fariseeren kunne berette at han gav tiendeparten av all sin inntekt, men fikk en meget dårlig attest av Jesus.

Så blir da neste spørsmål: Hva er det som gjør at noen grener bærer mye frukt, mens andre står der med lite frukt, og andre med ingen frukt?

Dette er jo et mye viktig spørsmål, som er vanskelig å svare på. Og det er vel et stort spørsmål om jeg er rette mannen til å gi svar, og å gi et svar som alle er enige med vet jeg ikke vil lykkes. Men likevel vil jeg forsøke å ta frem noen av de tanker som har gitt meg lys over dette, i håp om at det kan bli til hjelp

for noen, slik at de begynner å lete etter svar i Skriften.

Når e kirkesamfunn eller en organisasjon stiftes, da er det som regel en liten flokk frelste sjeler som har fått syn for det og kall fra Gud til det. De velger seg da som regel en leder og et styre, og ber så Gud velsigne dem og deres gjerning. Da er der kommet en ny gren på stammen, som tar til å vokse. Ser vi på de enkelte kirkesamfunn og organisasjoner, så begynte de som regel ganske smått, men i dag er noen av dem blitt til store grener, med hovedstyre og lokale lag og styrer med få eller flere medlemmer. Alt dette skulle virke som en organisme, der Jesus er hodet og menigheten hans legeme. På disse små og større grener vokser de små grener og knopper som skal bære frukten frem, om alt virker som det skal, det er den enkelte kristen. Ja, Jesus sier at om vi er i ham, da skal vi bære megen frukt.

Her er det sjelefienden setter inn med sine kunstgrep, for å hindre at vi bærer frukt. Kan han forhindre at saften har fritt løp gjennom alle ledd frem til knoppene, da blir der ingen frukt. Vi skjønner at her har han et stort område å arbeide på, for å hindre at kraften kommer dit frukten vokser. Om grenen vokser, det er han ikke så redd, bare han kan hindre at kraften blir til frukt. Vi ser det i naturen at et frukttre kan vokse og bli stort, uten at det bærer frukt. Dette hadde jeg ikke våget å skrive, om jeg ikke hadde funnet bevis på det i Skriften. I Åpenbaringen 2 er det fortalt om et kirkesamfunn, der alle ting var til stede som fikk menigheten til å vokse. Der fantes nådegaver, mye arbeide, de ble ikke trette, og de syntest at det lykkedes for dem. De hatet enda nikolaitenes lære, som var hykleri. Tenk å hate det å være en hykler, og så selv leve i et falskt forhold til den Herre Jesus. Kjærligheten, kraften som skulle frembringe frukt var borte.

Hvorhenne i organismen var det det sviaket? Her var det menighetens fremste leder

som sviaket, og sto som en hindring for at kraften skulle nå frem til fruktknoppene. Av dette ser vi at en leder eller forstander for menigheten har et stort ansvar, ikke bare for seg selv, men for hele menigheten. Det samme har de som skal velge ledere og forstandere i menigheten. Det ligger oss så nær å se på de naturlige gaver, som jo også er gitt av Gud, slike som evnen til å tale, lede og styre. Dette kunne nok også forstanderen i Efesus, men likevel sto han der som en hindring. Det nytter ikke hvor mye naturlige gaver og åndelig forstand vi har, og kan lære både bibelsk og luthersk, om vi ikke har Åndens liv og kraft. Bibelen lærer at vi bare skal velge til forstandere slike som kjenner hemmeligheten i evangeliet, og det gjør bare de som er født på nytt og eier og drives av den Hellige Ånd. Kraften som blir omsatt til frukt, er evangeliet om Jesus korsfestet for våre synder og oppvakt til vår rettferdighet, og den Hellige ånd som overfører det til fruktknoppene fra stammen og gjennem grenene.

Åndens frukt er kjærlighet, glede, fred, langmodighet, mildhet, godhet, trofasthet, saktmodighet, avholdenhet.

## Guds hellige lov

Av Rosenius

Framhald

Men en misbruker også loven på denne måten ved at en overtaler seg selv eller andre til å håpe på fremtiden: Hva en ennå ikke får til, skal en med Guds hjelp en gang kunne oppnå. Og når en så har vunnet seier, kan en endelig tilegne seg hele Kristi rettferdighet. For et drevent spill av djevelen!

Tenk om døden kom til deg i natt, for du er jo ennå ikke slik som du bør være. Du sier kanskje: Jeg har det håp til Gud at han ikke tar meg bort før jeg er rede. Det er vakkert

av deg å tenke så godt om Gud, men hvor står det skrevet at Gud skal vente så lenge med døden til du blir så hellig som loven krever? Da måtte du nok aldri dø.

Og jeg spør: Har du ikke fått Guds Ånds hjelp? Er du sikker på at feilen er hos Gud og hos Guds Ånd som venter med å komme? Er du sikker på at du har brukt hans nåde rett, og riktig har bedt om hans hjelp, våkt og kjempet i hans kraft så alvorlig som du burde?

Hvis du tenker over dette, vil du nok finne

ut at du ingenting har å vente på som Gud ikke alt har gitt deg. Men så er jeg fortapt, sier du. Ja, det var nettopp det loven ville vise deg, for at du kunne lære å fly til Jesus — helt avkledd. Da behøver du ikke vente på fremtiden, men Guds rike er hos deg.

Nettopp den rettferdighet som loven krever, men som du ikke kan make, kan du oppnå på en annen måte, nemlig ved troen i Jesu blod.

*Fra Rosenius:  
Veiledning til fred..*

## Guds velsigning over reisa

P.t. Juneau, Alaska, den 25. juni 1974

*Kjære forbedarar!*

«Herren skal vara (bevare) din utgang og din inngang fra nå av og inntil evig tid!» Salme 121, 8. Eit løfte om Guds signing over reisa.

Det verset har ofte kome for meg når eg skulle ut på ei heller lang reise. Slik var det også denne gongen. Frå Kuala Lipis reiste eg den 8. mai. Eg hadde då butt der i Main Street 66 i vel 6 år. Tok toget til Singapore og kom dit tidlig neste morgon. Reiste altså frå landet Malaysia den 9. mai. Fekk bu på Far Eastern Bible Colle til eg gjekk ombord i båten til Hongkong. Det blei den 14. før me kom oss avstad. Me fekk fyrst ei god natts kvil i hamna i Singapore.

Meir om det verset i Salme 121: Det er forresten eit vers som ofte blir sitert galt med omsyn til ord-stillingen: «din utgang og din inngang». Der tek mange ordet «inngang» fyrst. Men når ein skal ta ut på ei reise blir det fyrst ein «utgang» frå heimen eller der ein bur: Frå ein by, ei bygd, eit land; avskjed og farvel kanskje for alltid!

Kva kan det då meinast med at Herren vil bevare din utgang? Gjerne det at Gud den

allmechtige og allvitande skal verna deg, du som er Hans barn, frå fare, feilgrep, eventuelle tjuvar og røvarar. Men helst har det stande for meg at Gud skal og vil signa minne om avreisa, — (gjerne dei siste orda ein då seier) — for dei ein levde og arbeidde saman med. Gud sjølv skal tala til dei gjennom det at du må skiljast med dei, og då gjerne så kraftig at dei minnest det for lange tider. Og signa dei orda du då sa. Det var ein del av løftet. Herren skal også gi deg ein god inngang hjå dei folk du reiser til og signa også det minnet. Og det både for tid og æva. Om mulig til evig frelse for mange i din omgangskrins.

Ja, Gud sitt ord er eit rikt, vidrekkande, allmechtig og kraftigt ord! Eit velsigna ord, kort sagt. Gildt å ha slikt eit reise-løfte, som gir ro, fred og glede midt i all strev som oftest fylgjer med ei reise.

For meg blei og er denne heimreisa både interessant og fredfull. Utmerket fint ver blei det. Det var svar på bøn. Gud er rik på miskunn. Det kom vel med på sjøreisa for ein tynn «landkrabbe».

Til Hong ong kom eg med båten «Tai-pu-shan» den 18. mai. Båten la til på hamna. Ein kjend medarbeidar frå gamle feltet i China

(Nanyang, Honan), misjonær Agnar Espegren kom med ekstra båt for å henta meg. Eg vart då sikkert halden for å vera ein «big shot» av med-passasjerane. Fleire menn som var agentar for store firmaer hadde eigne båtar som henta dei. Andre passasjerar måtte ta den vanlige ferge-transport. I H.K. fekk eg vitna for kinesarane i ei av dei 6 kyrkjene Misjons-sambandet har der og på ein av skulane for dei øvste klassane, og ogso for «utlendingane» (misjonærane) på deira vanlige «foreinings-bønemøte» hpå misj. frk. Hansen & Co.

Fra H. K. bar det til vers i fly kl. 8 morgon den 21. mai og turen gjekk via Tokyo, Japan og Anchorage, Alaska til Juneau. Det var noko storarta og himmelsk med den flyturen. Serleg var solnedgangen og soloppgangen majestetisk fager. Over skyene skin sola uhindra! «Hos Gud det skifter ei!» — Og det blei ei kort natt på 4—5 timar, og sola stod opp same datoen som ho gjekk ned på. Me hadde passert det internasjonale tids-skilje, «dead-line» som engelskmennene kallar det. Midnatts tider var sola alt oppe. Me var komne langt nord og nærma oss Alaska. Dit kom eg neste morgon, som altså hadde same datoen som morgonen i H. K., nemlig den 21. Og sidan Alaska hadde fly på føremiddagen til Junlau, fekk eg vera med det, endå billetten min galdt for ettermiddagsflyet.

Så er eg no i Amerika igjen. Det kjendest trygt og fredelig å ha med pass- og tollkontrollen her å gjera. Electro-kontrollen mot farlege våpen var ikkje nøygd med meg. Ein spegel i trøyelomma med metal-rama på seg, måtte eg levera ifrå meg.

Og atter fekk eg møta og bu sjå Asbjørn, Marit og barnebarna mine. Det minste, Lise 6 år, hadde eg ikkje møtt før. Ei stor dokka gjorde sitt til at me snart blei kjende.

Eg skal ikkje gå meir i detaljar, berre nemna at det er sers vakkert her og liknar på Norge, også når det gjeld veret: Vestlandsver. Ja, no har eg fått att den gode mathugen min.

Var det ikkje så, måtte det vera noko særlig gale med meg; for god og avvekslande og rikeleg mat feilar ikkje her.

Eg vonar no og ser fram til å møtast med mange av dykk på Sommar-skulen og årsmøtet i Randaberg 17. juli. Gud vil signa inngangen min også der.

Helsing med Salme 121 serlig v. 1-3 som hjelper den elendige å be. Syng så gjerne song nr. 862.

Andr. A. Bø.

## Eit vitnemål

*Takk min Frelsar at du stridde og vann liv til meg.*

*Du vann siger da du lidde korsets død for meg.*

*Di er æra; Eg får vera himmelbrura di.*

*I frå døden du meg fridde. Glad eg er og fri*

*Smal er vegen eg må vandre du har gått den før.*

*Ja, du gjekk den for oss andre bar så tung ei bær.*

*Di er æra: Eg slepp bera syndebøra her.*

*I frå domen du meg fridde, fri og glad eg er.*

*Snart så kjem du og skal hente heim di kjære brud.*

*Snart så skal eg stå der heime, kledd i snøkvit skrud.*

*Di er æra! Eg får vera saman med deg der.*

*Aldri skiljast frå den venen som eg har så kjær.*

Ase Holien.

---

## REISERUTER FOR ANDRE HALVÅR 1974

1. *Ole Brandal* : Oslo - Østfold, Bibelveka i Sannidal 5.—13. okt. Tysvær, Hardanger, Stord.
2. *Odd Dyrøy* : Bremnes, Fitjar, Stord, Valen, Bremanger, Nordfjord, Ellingsøy.
3. *Gudmund Hjorthaug* : Bygland, Varhaug, Mattingsdalen, Nærbø, Sandnes, Randa-berg, Foldøy og Avaldsnes.
4. *Amund Lid* : Namdalen, Sandsøy i Senja, bibelkurs i Sannidal 5.—13. okt. Nesflaten, Brekke i Sogn, Masfjorden, Tysse på Osterøy.
5. *Reidar Linkjendal* : Til disp.
6. *Godtfred Nygård* : Kan besøkje Stord, Fitjar, Avaldsnes og andre stader han kan nå laurdag og søndag.
7. *Margrete Skumsnes* : Halsenøy, Valen, Jæren, Kristiansund; Sannidal, Oslo, Østfold, andre stader så langt ho rekk.
8. *Olav Aakhus* : Til disposisjon.
9. *Andreas Bø* : Ferie. Sidan besøkjer han dei ymse stader. Namdalen frå midten av oktober.

Styret.

---

## Referat frå årsmøtet

Årsmøte og hovedsommarskolen for N.L. Lekmannsmisjon blei i år lagt til Randaberg på Jæren i tida 17.—21. juli. Det blei godt frammøte med over 200 deltakarar.

Talarar var Tore Nilson frå Sverige og våre egne : Hjorthaug, Lid, Dyrøy og Nygård. Tore Nilson var også med oss i fjor i Sannidal.

Misjonær Andreas Bø var nett komen heim frå Malaysia om Amerika. Han blei helsa hjarteleg velkomen heim etter mange års arbeid der ute. Og han gav oss ei orientering om arbeidet i den tida han var i Malaysia.

Årsmøtet blei opna med andagt av Ole Rolfsnes, der han streka under eit Guds ord frå Jobs bok : «Stå stille. gi akt på Guds under !» Gildt var det å få høyra hans friske vitnemål.

Formannen helsa årsmøtet med eit Guds ord frå 1. Tessal. 1, 4. Han takka Gud for veneflokkane, når han tenkte på arbeidet, som også i år samla seg om å så det levande ordet om Jesus som vår frelsar og redningsmann. Det er om å gjera at dette budskapet lyder for oss sjølve og når vidare ut i folket.

Årsmeldinga gav uttrykk for at alle trufaste veneflokkar rundt i landet hadde fått vitjing av ein eller fleire av forkynnarane. Arbeidet hadde blitt gjort i tru til Gud, med bøn om velsigning for Jesu skuld. Og mange gav uttrykk for at dei hadde blitt velsigna av forkynninga.

Styret for komande år blei etter valget : Olav A. Dahl, formann, Tore Harestad, nestformann, Sigmund Hjorthaug, Leif Øygarden og Ola Lyster. Den siste kom i staden for Harald Fæø, som bad seg fri frå attval. Varamenn til styret blei Gerhard Stave, Oddmund Gravset, Ole Brandal.

Rekneskapen viste seg også i år å vera i ballanse. Bladet Lov og Evangelium likeins, og fleire vitna om at det var til hjelp og velsigning.

Lydbandsentralen melde at dei nå hadde eit godt utval av andakter, song og talar. — Band blir tilsendt til dei som ynskjer det, og til sers rimeleg pris. Skriv til Ole Brandal, 4262 Avaldsnes.

Årsmøte og sommarskule for neste år blei ynskt velkomen til Norheimsund, i tida 16.—20. juli.